

# Kyrkje- bladet

Nr. 4/22  
INFORMASJON  
For Fjell, Foldnes og Landro sokn



- SIDE 10 -

TORUNN ER NY DIAKON I  
LANDRO SOKN

- SIDE 4 -

FRIVILLIGE I  
FOLDNES KYRKJE

- SIDE 6 -

NYTT  
UNGDOMSTEAM

# Kyrkjebladet

Kyrkjebladet for Fjell, Foldnes og Landro sokn. Det kjem ut 5 gonger i året og kostar kr 300,- pr. år. For utanbygds: kr 350,-.

**Utgjevar:** Øygarden kyrkjelege fellesråd

**Ansvarleg redaktør:** Annlaug Børve

**Redaktør og grafisk utforming:**  
Yngvild Mørner Sørheim

**Framsdebilete:** Torunn Nateland Utvær  
er ny diakon i Landro sokn

**Foto:** Yngvild Mørner Sørheim

**Trykk:** Molvik Grafisk AS



## Bankgiro

**Kyrkjebladet:** 1503.84.37590

## Vipps

**Kyrkjeblada i Øygarden:** 736342



**Innleveringsfrist** for annonsar, artiklar og kunngjeringar til neste nummer av Kyrkjebladet: 8. november



**DEN NORSKE KYRKJA**  
Øygarden kyrkjelege fellesråd

## Kontaktinformasjon

**Adresse:** Øygarden kyrkjekontor,  
Tytebærbrekko 2, 5353 Straume

Vi har kontor i andre etasje i Temahuset.

**Telefon:** 400 03 316

**Ekspedisjonstid alle kvardagar:** 09.30–14.30

**E-post:** post.oygarden@kyrkja.no

**Nettsider:** www.kyrkja.no/oygarden  
www.kyrkja.no/t-dagen

**Bankkonto Øygarden kyrkjelege fellesråd:**  
1506.35.46523

## LEIAR

### Tove Karin Lyngsmo Angelveit

Soknerådsleiar i Landro



I sommar stod eg bøygd over ei blåbærtue, da personar frå kyrkjelyden heilt uanmeldt dukka opp i tankane mine. Eg såg for meg den eine etter den andre, og ble fylt av stor glede og takksemnd. Dagane etterpå tenkte eg mykje på dette og lurte på kvifor dette ble så sterkt.

Etter ei lengre tid med pandemi og dei følgene det har hatt, så må eg innrømme at det til tider har vore tungt med både avlyste arrangement og lite oppmøte på kyrkja sine arrangement.

Denne blåbærturen trur eg Gud ville vise meg kor mange eg har å vera glad og takknemleg for. Eg trur dette var ei oppmuntring frå Herren sjølv, om at vi har mange gode menneske som ønsker å vera Landro kyrkjelyd. Som ønsker å vera ein del av fellesskapet. Som ønsker å lage møteplassar der folk kan bli kjent, få tilhørighet og kjenna at dei er ein del av noko større. Som ønsker å bidra til at fleire skal bli kjent med Han.

Hausten er komen, og i kyrkja byrjar aktiviteten å ta seg opp. Denne hausten har vi fått ein ny medarbeidar direkte knytt til Landro kyrkje. Diakon Torunn kan du lese om her i bladet. Vi er spent på kva ho, saman med dei andre tilsette og frivillige, kan tilføre kyrkjelyden vår.

Det er masse spennande som står på programmet for Landro denne hausten - ta ein kikk i det vedlagte haustprogrammet vårt.

Sammen skal vi bygge kyrkjelyd! Det kan vi ikkje gjera aleine. Ta med deg orda frå Herren sjølv: Eg er vintreet, de er greinene. Om de blir i meg og eg i dykk, då ber de mykje frukt, men skilde frå meg kan de ingen ting gjera. (Joh. 15.5)



## Ny opningstid:

Kyrkjekontoret  
på Straume  
kl. 09.30-14.30  
mandag-fredag



MØT NOKRE FRIVILLIGE FRÅ FOLDNES KYRKJE.....	4-5
DET NYE UNGDOMSTEAMET .....	6
OLE KRISTIAN HAMRE ER NY TEAMLEIAR.....	7
MINILEIR MED LED .....	8
HJORT PÅ GRAVPLASSANE .....	9
TORUNN ER NY DIAKON I LANDRO .....	10-11
MØTA KVARANDRE I SORGA .....	13
T-DAGEN .....	14-15
GUDSTENESTEOVERSIKT OG LIVETS GANG .....	18-19

## Tilbake til fellesskapen

Eg har starta med å gi folk ein klem igjen. Under pandemien var det ikkje mange klemmar, verken å få eller gje. Men no er det mogleg, og det kjennest godt. Eg er heldig som har nokon å klemme og som nokon har lyst å få klem av. Mange i Øygarden gir eller får sjeldan klem og lite fysisk kontakt i det heile. Det kan vere at livssituasjonen, sjukdom, vanar eller anna gjer at kontakten med andre er avgrensa.

Bibelen fortel om ei kvinne som i mange år hadde vore utestengd frå fellesskapet. I 12 år hadde ho hatt blødingar. For ei kvinne på den tida var det ein særstigmatiserande og isolerande sjukdom å ha. Det å ha blødingar vart av omgjevnadane sett på som å vere urein. Og ureinheit var ikkje å spøke med. Den som var urein, var utestengd frå fellesskapen, kunne ikkje gå inn i Guds hus og viss nokon kom borti den ureine, vart han eller ho òg urein. Stakkars kvinne. 12 år utan fysisk kontakt, utan å få vere

saman med dei andre, utan å få gå inn i Guds hus.

Men så hørde ho om Jesus og tenkte at berre ho fekk røre ved kappa hans, kom ho til å bli frisk. (Mark.5,27-28). For å røre ved han sjølv kunne ho ikkje, då ville han òg



bli urein. Men kappefliken, det kunne vel gå an. (Matt.9.20) Modige kvinne! Ho gjorde det, ho trossa dørstokkmil og angst, skam, folkesnakk og vanar og gjekk inn på Jesus bakanifrå og rørte ved kappefliken hans. Tenk det! Og det fungerte!

Jesu kraft sit ikkje berre i kroppen hans, men òg i det han omgir seg med. I det som er rundt han. Og sjølv sagt merka han at kraft gjekk ut ifrå han og inn i kvinna og gjorde henne frisk. Då han kalla henne til seg, vart ho veldig redd. «Ho skalv», står det i Mark.5.33. Ho visste at ho hadde gjort noko ulovleg og at straffa kunne bli hard. Men det vart inga straff. «Trua di har frelst deg, dotter. Gå i fred. Ver frisk og kvitt plaga di», sa Jesus til henne. Ho, den utstøyte og ureine, vart sett og kalla dotter. Ho fekk gå i fred utan skam og angst. Jesus hadde sett ho fri, reist ho opp og sett ho inn att i fellesskapen.

Eg er sjukepleiar og diakon og veit at det å vere saman gjer godt både for sjel og kropp. Eit kristent fellesskap kan òg vere ein katalysator for Jesu lækjande kraft. Mi bøn er at du som les dette, får erfare dette både gjennom hans ord og den kristne fellesskapen.

**Astrid Fylling**

Seksjonsleiar for diakoni





# Frivillighetens år



I dette nummeret får du møte nokre frivillige frå Foldnes kyrkje!



**Magnus Martin Anglevik.** Eg er frivillig i Foldnes, det blei eg etter forespurnad frå kyrkjelyden.

Eg tykkjer det er greitt å vera frivillig medarebidar i kyrkja. Dette gjev meg godt høve til å bli godt kjent med bibeltekstane



**Jeg heter Ingelin Djupevåg Våge,** og er frivillig på søndagsskolen i Foldnes Kirke.

Søndagsskolen er et kjempefint sted å møte barn og familier i menigheten - både de som er faste og de som bare er innom på besøk. Det er kjekt å gjøre bibelfortellingene tilgjengelig for barna i passende porsjoner, med sang, lek, drama og film. Søndagsskolen sitt opplegg gjør det veldig enkelt å lage fine samlinger, så jeg trenger ikke bruke mye tid i forkant - hvis jeg ikke vil, såklart.

Jeg er veldig glad i å møte folk, og å snakke med nye mennesker, og det får jeg masse av som frivillig

i Foldnes! I tillegg må jeg nevne medarbeiderfester det går gjetord om, og de nydelige ansatte i menigheten som vi er så heldige å få samarbeide med. Jeg vil påstå at jeg får igjen omtrent tidobbelte av det jeg gir - jeg gir litt tid og noen barnesanger, og får mange gode relasjoner igjen for det.



**Jeg heter Markus Løkke** og jeg er bandleder i band & korgruppen Ten-Sing Lukas, i tillegg er jeg med å

hjelpe til på ungdomslørdager når jeg har muligheten.

Det beste med arbeidet mitt er når jeg og de andre bandmedlemmene fremfører sangene vi har øvd på i en god stund, jobbet sammen som en gruppe for å lage noe. Musikk er en stor del av livet mitt og å dele den gleden jeg får fra å stå på scenen er veldig gøy for meg.

Å engasjere meg som frivillig er en vinn-vinn situasjon for meg, jeg bidrar til det som arrangeres i kirken mens jeg gjør det jeg elsker. Før jeg ble leder i Ten-Sing bandet var jeg

medlem i det, og steget til leder har vært veldig gøy, og spesielt lærerikt for meg. Å ha den ledererfaringen er definitivt noe verdifullt som jeg kan ta med videre i livet.



**Kari Marøy Pedersen.** Jeg har kjøkken-tjeneste på RAMP. Jeg synes det er kjekt å stelle til å gjøre det koselig. RAMP er

også en arena for å møtes og slå av en prat over en kopp kaffe/te. Her kan en både møte kjente og bli kjent med nye. Dette er noe mange gir gode tilbakemeldinger på. Det sosiale er en viktig del av RAMP.

Det er viktig at de som tilhører menigheten på Foldnes deltar etter hva som er mulig for den enkelte. Noen oppgaver er store, andre er mindre, men alle er viktige for helheten. Deltagelse gir også eierforhold. RAMP har et konsept som passer for meg. Dette konseptet tror jeg tiltaler mange. Temaene som blir tatt opp går ofte rett inn i hverdagen vår, og gir muligheter for refleksjon i ettertid. Det musikalske på RAMP er fantastisk. Det er det bare å nyte.





**Mitt navn er Tor Håvard Wiig.**

Jeg er frivillig i musikk-tjenesten i RAMP og på en og annen gudstjeneste. Jeg bidrar med rytmikk og rungende cymbaler (fritt etter Salmenes bok, salme 150) sammen med flotte folk i RAMP bandet.

Jeg synes det er veldig kjekt å få lov til å bruke mine evner i det frivilliges tjeneste i kirken, fordi det er betydningsfullt å være med og bygge samhold og kultur i menigheten.

Det er hyggelig å være del av noe større og skape opplevelser sammen

med andre i menigheten. Dette gir meg mening og følelsen av å bety noe for andre selv om mitt bidrag kanskje fungerer mer indirekte mellom publikum og meg så håper jeg musikken som formidles berører folk direkte på en god måte.



**Mitt navn er Nils Ivar Honningdal.**

Jeg er med som frivillig kirkevert i Foldnes kirke. Innimellom er jeg også med å spille bassgitar i gudstjenesten.

Det å være kirkevert liker jeg godt. Da får jeg stå i døren å ønske folk

velkommen til kirken. Det oppleves meningsfullt å kunne stå der å møte folk når de kommer og si «hei» og «velkommen til kirken» både til de som går der fast og de som ikke er der så ofte. Jeg tenker at min oppgave er å gi folk et godt første møte med kirken når de kommer. Det å kunne få gjøre dette gir også meg mye tilbake.

For meg er det naturlig å engasjere meg i den kirken jeg hører til. Det å ha en oppgave gir meg en tilhørighet til fellesskapet og kontakt med folk utover det å gå i kirken. Tenker også at det å få være med å bidra er meningsfullt og det gir meg mye godt tilbake.

## Gudsteneste på Langøymarknaden



Endeleg kunne ein samlast på Langøy for Kystlaget sin tradisjonelle marknad. Søndag 28. august vart det også feira gudsteneste her. Strålende sol fekk sette ramma for

samlinga, og omlag 130 frammøtte hørde skipsklokka som ringte inn gudstenesta. Arvid Torsvik spelte trekkspel og Erling Kopperud forretta. Etter gudstenesta stogga

mange igjen, og smakte på dei gode skillingsbollane frå steinovnen. Takk til Kystlaget og Kystgarden for fin tilrettelegging.

*Tekst: Bjarte Nese*

# Møt det nye ungdomsteamet



Årets team av ungdomsarbeidarar i FUNK (For Ungdom i Kyrkja) er:  
Ole Kristian Hamre, Kyung Mi Yun, Hermund Nese-Røsten  
og Torunn Nateland Utvær.

**TEKST: RANNVEIG VESTBØSTAD VIK**  
**FOTO: YNGVILD MØRNER SØRHEIM**

I tillegg er vi heldige å ha Olav Andreas Gjøsaeter med som leiar på Ungdomslørdag i Foldnes. Kyrkjelydspedagog Beate Sørhus vil også jobbe tett saman med Ungdomsteamet.

**Ole Kristian** er teamleiar for ungdomsarbeidarane.

**Kyung** jobbar med hovudfokus Foldnes sokn, i 30 % stilling. Hennes oppgåver vil vere knytt til konfirmantar, Ungdomslørdag og Tensing.

**Hermund** byrja i fjor som ungdomsarbeidar og er klar for eit år til (20 %) med hovudfokus Fjell kyrkjelyd. Hans oppgåver vil vere knytt mest til konfirmantar og Tweensklubben.

**Torunn** er i Landro sokn, der ho også jobbar som diakon. Hennes hovudfokus som ungdomsarbeidar (20 %) vil vere konfirmantar, leiartrening (LED) og Landroklubben.

## **FUNK - for ungdom i kyrkja!**

Ungdomsarbeidet i Fjell, Foldnes og Landro er samla under det som vert kalla FUNK. Sokna har lang tradisjon

med å ha felles ungdomsarbeid og ungdommar som er kjem saman på tvers av sokna. Det skal vi halde fram med. Samstundes er no ungdomsarbeidarane også særskild knytt til kvart sitt sokn og eit eller fleire ungdomstiltak der.

Vi ynskjer med dette at det er tilbod retta særskild mot ungdom i alle kyrkjene og å styrke banda mellom ungdomstiltaket og kyrkjelyden. Så ta godt imot ungdomsarbeidarane våre!

Vi ynskjer alle ungdomsarbeidarane Guds signing og glede i den viktige tenesta dei står i!



# — Vil gje vidare det eg sjølv har fått

Søndag 11. september tok Fjell kyrkelyd imot Ole Kristian Hamre som teamleiar for ungdomsarbeidarane.

TEKST: RANNVEIG VESTBØSTAD VIK  
FOTO: YNGVILD MØRNER SØRHEIM



Under gudstenesta hadde prest Knut Kaldestad forbønn for Ole Kristian, saman med soknerådsleiar Jorunn Gjersvik, sokneteamlar Anne Ludvigsen Kaldestad og bestefar Olav Kristoffersen.

Ole Kristian Hamre er oppvaksen på Brattholmen, og bur der no saman med kona Ingrid og dei to sønene deira.

Han er utdanna teolog, og er no starta i tenesta som teamleiar for ungdom og teamet av ungdomsarbeidarar i Fjell, Foldnes og Landro sokn. Han skal vere med

i konfirmantleiarteamet i Fjell kyrkelyd, og vil dermed ha Fjell kyrkelyd og samhandling i soknerteamet der som eit særskilt fokus gjennom arbeidsveka si. Ole Kristian skildrar seg sjølv som ein roleg, ettertenksam og morosam kar. Han likar å samtale med menneske, og difor blir han glad om du kjem bort og helsar på han når du ser han.

**Kva motiverer deg til å gå inn i tenesta som teamleiar for ungdom og ungdomsteamet i FUNK (Felles UNgdomsarbeid i Kyrkja)?**

Det som motiverer meg til å gå inn som teamleiar for ungdom og ungdomsteamet i FUNK, er at eg sjølv har opplevd gode leiarar i eiga ungdom- og konfirmanttid, som har forma meg i trua ved å peike på Jesus. Dette vil eg gjerne gje vidare.

**Du skal vere mykje saman med konfirmantar og andre ungdommar i kyrkja. Korleis trur du kyrkja og bibelforteljningane kan vere aktuelle og relevante inn i deira kvardag?**

Bibelfortellingane er høgst relevant for oss, fordi dei fortel oss sanninga om kven Gud er og kven vi er.

**Kva er det som gir deg energi i kvardagen?**

Det å leike med sønene mine og sjå at dei har det bra og at kona mi har det bra, gjev meg energi.

Elles tykkjer eg det å fiske, lese og gå turar er ein fin måte å «lade batteria» på. Så treng ein mat og sjølvsagt, noko eg er glad i å både ete og laga, som begge deler gjev energi.

**Vi ønskjer Ole Kristian varmt velkomen i kyrkelyden og i arbeidsfellesskapen!**





Her spretter det fram LEDarar overalt!

## Strålande minileir med LED

2.-3. september var det oppstartssamling for LED, leiarkurset for 10. klassingar. Det var eit innhaldsrikt og kjekt døgn i Landro kyrkje.

**TEKST OG FOTO: BEATE SØRHUS**

På fredagskvelden blei vi kjent, og hadde griling av s'mores på bålpanna i hagen til kyrkja.

Etter overnatting i kyrkja, var det frukost og første LED-samling. Så var heile gjengen med ut på tur rundt Fuglavatnet. Det var flott turvær og strålande sol, så midtvegs i turen tok vi oss tid til både bading og fising.

Minileiren var ein god oppstart for leiarkurset. Det er framleis plass til fleire, viss du kjenner ein 10. klassing som kunne tenke seg å blir med. LED har samlingar på Kyrkjekontoret ein onsdag i månaden.



Bålkos med grilling av s'mores



På tur rundt Fuglavatnet



# Hjort på gravplassane

Mange pårørende har opplevd å komme til gravplassen for å stelle ei grav, og oppdaga at plantar er røska opp eller at sjølv blomen er borte. Då er det kanskje hjorten som har vore og forsynt seg.

TEKST: TORE HEGGERNES


ILLUSTRASJONAR: YNGVILD MØRNER SØRHEIM / ILLUSTRASJONSFOTO: UNSPLASH

Hjorten er eit problem på mange av gravplassane i Øygarden, slik det òg er elles i landet. Å finne ei god løysing for å unngå at hjorten raserer blomane på gravene er ikkje lett. Fellesrådet har vurdert hjortegjerde, men har konkludert med at dette ikkje er aktuelt.

Eit tips til dei som steller ei grav, er difor å velje plantar med omhu.

Unngå hjorten sine favorittar, som til dømes roser og tulipanar.

På naturhistorisk museum si nettside kan ein finne ei liste over plantar



valmuer. Også duftande urter og blommar som salvie, prydsalvia, lavendel, peonar og skjeggete iris, er slikt hjorten normalt ikkje vil ete.

Det finst også middel med lukt hjorten ikkje likar, som ein kan prøve å spraye på blomane. Du kan gå inn på [www.kyrkja.no/](https://www.kyrkja.no/)

oygarden/gravplass) og lese om tips til middel du kan blande sjølv, og spraye på blomane.

som rådyr ikkje likar. Desse vil heller ikkje falle i smak for hjorten. Døme på planter ein kan prøve å bruke på graver er plantar med giftverknad, som påskeliljer, revebjøller og



## Blomar ein kan prøve:



Skjeggete iris



Lavendel



Påskelilje



Revebjølle



Valmue



Prydsalvie



Peon



I august byrja Torunn (50) i ei nyoppretta stilling som diakon knytt til Landro sokn.

–Eg vil bruke den første tida på å bli kjent med kyrkjelyden, bygda og menneska, fortel Torunn.

Ho har allereie vore med på "Treff i Landro" og jobba litt med dei nye konfirmantane. For Torunn er det å skape gode møteplassar viktig. Møteplassar der alle kan føle seg

inkludert, og der det er ein god plass å berre vere. –Eg ønskjer å formidle både tru og håp, og at menneska skal føle seg sett og elska av Gud, seier Torunn. –I eit samfunn med høge forventningar og krav er det godt å kunne kvile i at vi er elska utan å måtte prestere.

–Det er viktig for meg som diakon å komme meg ut og vise at det finst møteplassar i tillegg til gudsteneste på søndagar. Som eksempel trekk ho

fram Ute-torsdag, kor ein kan sitte rundt bålpanna bak kyrkja og vere sosial.

–Tilsette i Landro kyrkje hadde òg ein stand på Ågotnes senter. Det er fint å kunne møte folk der dei er. Det er viktig å vise at vi har mange forskjellige tilbod, både for barn etter dåp og for sørgande etter ei gravferd. Vi tilbyr både sorggrupper og ein til ein samtalar.





# — Vil møte folk der dei er

Vi ønskjer Torunn Nateland Utvær velkommen som ny diakon i Landro kyrkje.

**TEKST OG FOTO: YNGVILD MØRNER SØRHEIM**

Frivillig engasjement har lenge vore viktig for Torunn. Før ho utdanna seg som diakon var ho mellom anna frivillig i kyrkjelydar og i diakonale organisasjonar, både i Noreg og i utlandet. –Det var kjekt å kunne kombinere eventyrlyst og frivillig arbeid, seier Torunn engasjert. Ho har mellom anna vore på turar til Ecuador og Bolivia i samband med Misjonsalliansen.

–Etter kvart vaks det fram eit ønske om å jobbe med diakoni, men det tok nokre år før eg byrja på diakonistudiet, fortel Torunn som var ferdig utdanna diakon i 2012. Frå før er Torunn utdanna barnevernspedagog.

Ho har eit ønske om å få fleire til å bli med som frivillig. –Om folk kan få eit godt fellesskap, då kan vi få til mykje bra saman!

Torunn har eit håp for tida framover: å ha ei endå meir open kyrkje, kor det er lett å komme og gå. Ho har òg lyst å samarbeide med aktørar i nærmiljøet for å få til det beste alternativet for alle. Torunn er open for samarbeid med skulane, ulike lag og organisasjonar.

Ho oppmodar å ta kontakt om du har lyst til eller er nysgjerrig på å vere frivillig.

## Basargruppe i Fjell kyrkje



Vil du vere med i ei gruppe med fellesskap, basar og misjon i fokus? Ingen krav til spesielle kreative evne her! Kom som deg. Saman kan vi la idear og erfaringar vise oss veg. Grappa samlast ein måndagkveld i månaden kl. 19.00- 21.00 fram mot basaren laurdag 18. mars.

Datoane er: 12. september, 17. oktober, 14. november, 16. januar og 13. februar.

Kom dei gongene du kan!

## Konfirmantåret er i gang!



Til saman 250 ungdomar har begynt konfirmantåret sitt i Fjell, Landro og Foldnes kyrkje. Søndagane 11. og 18. september var det presentasjonsgudstenester i kyrkjene, kor dei fekk utdelt biblar.

*Tekst og foto: Yngvild Mørner Sørheim*

## Nye kyrkjjetenarar i Foldnes



Mona Iren Hansen er tilsett i 50 % stilling og jobbar i vekedagane.



Odd Ivar Frafjord er tilsett i 25 % stilling og jobbar fredag-søndag.



Marte Pernille Tveten er tilsett som helgekyrkjetenar i 5 % stilling.



# Korleis møta kvarandre og vera ein god ven i sorga

Kjenner du nokon som har mista ein dei er glad i?  
Korleis visa omsorg og bry seg når nokon rundt oss sørger?

**TEKST: ASTRID FYLLING**

## 27. oktober klokka 19 har vi temakveld om dette i Foldnes kyrkje.

Eli Landro kjem og har foredrag for oss. Ho vil mellom anna snakke om korleis det kan opplevast å bli enke/enkemann og gå frå å vera par til å bli femte hjul på vogna. Er det mogleg for oss som står rundt å invitere, bry oss, lage plass til dei som opplever døden i nær familie og omgangskrins?

Kva treng ein som sørger? Kan vi bli trygge i å møta venner og familie-medlemmer som er i sorg? Er vi redd for å trø feil?

Vi snakkar mykje om eit varmare samfunn og å ha omsut for kvarandre. Mange er gode på dette, Nokre gonger treng vi eit puff for å tørre å møte sørgande.



Eli Landro er diakon og har lang erfaring med sorgarbeid. Ho har dei seinare åra vore tilknytt institutt for sjelesorg Modum som instituttdiakon, før ho nyleg pensjonerte seg.

Vi ynskjer at denne kvelden skal vera med å oppmuntra oss til å ta nye steg i møte med nære som sørger.

## Temakveld om sorg

vert årleg arrangert av Øygarden kyrkjelege fellesråd. Her gir vi også informasjon om sorggrupper som ein kan melde seg på same kveld, eller ved å ta kontakt med diakonane eller kyrkjekontoret på Straume. Telefon: 400 03 316, e-post: post.oygarden@kyrkja.no

Om du ynskjer, kan du finna meir informasjon på nettsida vår: kyrkja.no/oygarden

Det vert vakker musikk og enkel bevertning. Her er både pårørande, venner og familie hjarteleg velkomne. Kom og bli med!

**TRENG DU NOKON Å  
SNAKKE MED?**

Nokre som ringer tenkjer på å ta sitt eige liv, andre er usikre, einsame eller redde.  
Nokre treng berre å slå av ein prat.

Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. [kirkens-sos.no](https://www.kirkens-sos.no)

**SOS**  
22 40 00 40

**SOS**  
MELDING

**SOS**  
CHAT

 **KIRKENS  
SOS**





## T6 Skulestart

På T6-dagen var temaet «Ny start». Vi fekk både høyre og leike historia om Sakkeus. Førsteklassingane fekk ei kjempefin aktiviteitsbok, og vi hadde «Backpack-blessing», altså ei bøn og velsigning for skuleborna og tida som ligg framføre.



## T4 Kyrkjeboka

Til saman 50 flotte fireåringar, fordelt på dei tre kyrkjene våre, var hjarteleg til stades på T4-dagen søndag 4. september. Temaet var «Jesus og stormen». Fireåringane fekk den fine fireårsboka og eit lottospel.



## T7 Pilegrimsvandring

Ein fin gjeng med ferske andre-  
klassingar var med på pilegrims-  
vandring på T7-dagen. Vi gjekk saman  
«den gamle kyrkjevegen» frå Morland  
til Fjell kyrkje. Framme i kyrkja vart  
det både song, leik, film og mat. Alle  
pilegrimane fekk eit korsssmykke og ei  
velsigning med seg vidare.



## Velkommen på T-dagar!

### T11

**På sporet**

Fredag 23. september  
i Landro kyrkje

### T10

**Tweens**

Fredag 28. oktober  
i Fjell kyrkje

### T12

**LysVaken**

Helga 19.–20. november  
i Fjell kyrkje

### T3

**Advent**

Søndag 27. november i  
alle tre kyrkjene

**Påmelding og meir info**  
[www.kyrkja.no/t-dagen](http://www.kyrkja.no/t-dagen)

## Landro barne- og teenskor

**Barnekoret** i alderen 1.-4. klasse øver kvar  
tysdag frå 17.30 til 18.25 i Landro kyrkje.

**Teenskoret** i alderen 13-18 år, øver kvar  
tysdag frå 18.35 til 19.30 i Landro kyrkje.

Vi følgjer for det meste skuleruta.  
Semesteravgift kr. 100,-. Er dette noko for  
deg? Bli med på ei øving tysdag. Foreldre til  
dei minste bør vere med. Det er fint om vi får  
ei melding på førehand om kven som kjem.

Kontaktperson: Eline Olsen  
Tlf. 90605332, email: eo632@kyrkja.no

 DEN NORSKE KYRKJA  
Landro sokn

**Sotra Omegn**  
BEGRAVELSESBYRÅ  
- En del av Koba Christensen gruppen



**Ditt begravelsesbyrå på Sotra.**

**Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.**

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

TLF 56 32 08 90 hele døgnet

Grønmyrvegen 22, 5353 Straume (Bjørøygården)

*Bergen Omegn*  
BEGRAVELSEHJELP  
POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv



**Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700**  
[www.bergenogomegn.no](http://www.bergenogomegn.no)

**AVD. BERGEN**  
Teatergt. 20  
5010 Bergen  
Tlf: 55 21 44 50

**AVD. SOTRA**  
2.etg på Shellstasjonen  
Sartor, 5353 Straume  
Tlf: 55 21 44 50



**PH**  
FIEDER

**SOLSTRANDS BEGRAVELSESBYRÅ**

Vårt avdelingskontor på Sotra  
Sartorgården, 2. etg, 5353 Straume  
**Telefon 55 55 16 16 - hele døgnet**  
[www.solstrands.no](http://www.solstrands.no)  
Vår erfaring - din trygghet

**VIRKE GRAVFERD**

*Bjorgvin* **Døgnavakt 55 20 23 00**  
**BEGRAVELSESBYRÅ** [www.bjorgvin-b.no](http://www.bjorgvin-b.no)

Seremoni etter pårørendes ønsker, med omtanke og verdighet.

**Fjell-ly**

**Leirstedet til IMF Midthordland**

- Leir - Ungdomsklubb - Catering - Bowling - Kurslokaler - Overnatting - Selskapslokaler til små og store anledninger - Bursdagsarrangement


**Tlf. 56 31 04 40**  
**Fjell-ly leirsted**  
Møvikvn.193, 5357 FJELL. [www.fjell-ly.no](http://www.fjell-ly.no)




**Din lokale elektriker!**

**Thunestvedt**  
Vestgar

Møllestykket 21  
5360 Kolltveit  
**Tlf. 400 30 210**  
[vestgarelektro.no](http://vestgarelektro.no)  
[vestgar@thunestvedt.no](mailto:vestgar@thunestvedt.no)

 **BYGGESELSKAPET A/S**

5357 FJELL  
Tlf. 56 33 09 60 – Mob. 905 70 203  
Fax. 56 32 08 75



**Annonsen her?**

Ta kontakt med oss på mail  
[ys487@kyrkja.no](mailto:ys487@kyrkja.no)  
for å få prisforslag

**v:pps**

Øygarden kyrkjelege fellesråd: 82511  
Basecamp RePro: 76162  
Fjell kyrkje: 80304  
Foldnes kyrkje: 76022  
Landro kyrkje: 96889

Merk meldingen med føremål og dato  
**Takk for di gåve!**



# Faste aktivitetar i kyrkjene

Du er hjarteleg velkomen til samlingar og aktivitetar!

## Foldnes kyrkje

- Gudsteneste:** Dei fleste søndagar kl. 11.00.
- Søndagsskule:** Under fleire gudstenester i semesteret. Blir annonsert. Kontakt: Maria Wergeland, tlf. 924 08 805
- Bibel, bønn & lovsong:** Siste søndag kvar månad kl. 19.00. Kontakt: Ellen Ebbesvik, tlf. 924 42 881
- KM Kluzz:** Ca. ein tysdag i månaden kl. 16.30–18.30. Myldredag m. middag og aktivitet, for heile familien. Kontakt: Janne-Lin Fjeld Andersen, tlf. 950 14 498
- RAMP:** Annankvar tysdag kl. 19.30. Inspirerande temakvelder med husband og kaffi. Kontakt: Janne Mo, tlf. 478 23 425
- Gospelkoret Lokal Vokal:** Kvar onsdag kl. 19.30–21.30. Frå 18+, ingen øvre aldersgrense. Kontakt: Renate Olsen Seim, tlf. 994 63 819
- Treff i Foldnes:** I kyrkjelydssalen første onsdag kvar månad kl. 11.30–14.00. Varm mat, undervisning og fellesskap. Kontakt: Ellen Ebbesvik, tlf. 924 42 881
- Lillelørdag:** For 5.–7. klasse, ein onsdag i månaden. Kontakt: Maria Tveten, tlf. 450 63 016
- Lukas Ten Sing:** Måndagar frå kl. 18.30. For deg som går i 8. klasse og oppover. Kontakt: Beate Sørhus, tlf. 920 89 740
- Ungdomslørdag:** Annankvar laurdag frå kl. 19.00–22.30, for deg som går i 8. klasse og oppover.
- Mannsgruppa:** Ein torsdag i månaden. Temakvelder, turar og godt lag. Kontakt Geir Roald Viken, tlf. 922 63 531
- Basargruppa:** Ein torsdag i månaden. Eit enkelt måltid og handarbeid. Kontakt: Toril Herdlevær Kvalheim, tlf. 907 29 222

## Fjell kyrkje

- Gudsteneste:** Dei fleste søndagar kl. 11.00.
- Søndagsskule:** Under fleire gudstenester i semesteret. Blir annonsert. Kontakt: Torun Svennevik, tlf. 976 71 161
- Open kyrkje:** Kvar onsdag kl 09.00-12.30
- Kveldsbøn:** Ca. ein onsdag i månaden kl. 20.00. Tekstlesing, musikk og bøn. Kontakt: Anne Ludvigsen Kaldestad, tlf. 971 42 176
- Tweensklubben:** Annankvar fredag kl. 19.00–21.00. For deg som går i 5. klasse og oppover. Kontakt: Søgne Lillevik Nilsen, tlf. 975 46 646
- Sotra Reviderte:** For alle som vil syngje i a cappellakor, tysdagar kl. 19.00–21.30. Kontakt: Ingrid Høge Johansen, tlf. 922 32 815
- Øygarden kyrkjebrass:** Om du spelar brassinstrument. Annankvar torsdag (oddetalsveker) kl. 19.45–21.30. Kontakt: Rune Lynglund, tlf. 408 73 642
- Fjell barnekor:** Barnekoret øver annankvar tysdag (oddetalsveker) kl. 17.30–18.30. Kontakt: Eivind K. Lie, tlf. 408 85 692
- Fjell Vocalis:** Kvar tysdag kl. 19-21.30. Kontakt: Malgorzata Anna Tveit, tlf. 951 84 429

## Landro kyrkje

- Gudsteneste:** Dei fleste søndagar kl. 11.00.
- Søndagsskule:** Under fleire gudstenester i semesteret. Blir annonsert. Kontakt: Bjarte Nese tlf. 915 32 437
- Kurskvelder:** Onsdagar i kyrkjelydssalen kl. 19.00 kvar fjortande dag. Kurskvelder i kristen tru i haustsemesteret.
- Bønefellesskap:** Kvar tysdag kl. 20.00. (på kvar vår stad). Meld bønemne til: Jan Frank Christiansen, leirkar@gmail.com
- Bibelgruppe:** Kontakt: Jan Frank Christiansen, leirkar@gmail.com
- Landro Barnekor:** 1.–4. klasse, kl. 17.30–18.25 kvar tysdag.
- Landro Teenskor:** 13-18 år, kl. 18.35–19.30 kvar tysdag. Kontakt: Eline Olsen tlf. 906 05 332
- Treff i Landro:** I kyrkjelydssalen siste onsdag i månaden kl. 11.30–14.00. Fellesskap med god mat, undervisning og song. Kontakt: Torunn Utvær, tlf. 922 34 648
- Ungdomsklubb:** I kyrkjekjellaren nokre fredagar kl. 18.30–21.00. 8. klasse og oppover. Kontakt: Bjarte Nese tlf. 915 32 437

# Kontaktinfo

## SOKNERÅDSLEIARANE

### Fjell sokneråd:

Jorunn Småbrekke Gjersvik, jorunn.gjersvik@gmail.com

### Foldnes sokneråd:

Per Helge Refvik, perhelgerefvik@msn.com

### Landro sokneråd:

Tove Karin Lyngsmo Angelteit, tove.karin@outlook.com

## KYRKJEVERJE

Annlaug Børve

473 04 530, ab766@kyrkja.no

## SJELESORG OG SAMTALE

Vi har alle teieplikt, så det som vert fortald oss kjem ikkje vidare. Du må difor med frimod ta kontakt med ein av oss:

Prost Jan Tommy Fosse	924 63 278
Sokneprest Bjarte Nese	915 32 437
Sokneprest Maria Tveten	450 63 016
Prostiprest Knut Kaldestad	977 24 017
Diakon Astrid Fylling	971 75 733

# Konfirmantjubileum

Det vert konfirmantjubileum i Fjell kyrkje den 13. november for 50-, 60-, 70- og 75-årsjubilantar.

Ein starter med gudsteneste kl. 11.00. Etter gudstena er det jubileumsmarkering i kyrkjelydssalen.

## En varm takk

for deltagelse, blomsterhilsener og omtanke ved vår kjære **Jacob Bergfjord** sin bortgang og begravelse. En stor takk til Bergen & Omegn Begravelsehjelp, organist Aasmund Brekke, solist Remy Olsen, og ikke minst prest Maria Tveten, som bidro til en varm, personlig, fin og verdig seremoni. En spesiell takk til personalet på Paviljongen, Fjell sjukeheim, for god og omsorgsfull pleie.

## Familien



## VELKOMMEN TIL GUDSTENESTE!

– I KYRKJENE FJELL, FOLDNES OG LANDRO –

### SØNDAG 25. SEPTEMBER

**Fjell kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Knut Kaldestad, nattverd, offer til Livets lys.

**Foldnes kyrkje kl. 19:** Kveldsgudsteneste ved Kjell-Asle Børnes, nattverd, offer til IKO - Kirkelig pedagogisk senter.

**Landro kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Bjarte Nese, nattverd, offer til Blå Kors.

### SØNDAG 2. OKTOBER

**Fjell kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Jan Tommy Fosse, dåp, offer til Sjømannskirken.

**Foldnes kyrkje kl. 11:** NRK radio- og TV-gudsteneste ved Maria Tveten, søndagsskule, offer til musikkarbeidet i kyrkjelyden. Oppmøte 10.45.

**Landro kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Bjarte Nese, nattverd, søndagsskule, offer til Misjonsprosjektet NMS.

### SØNDAG 9. OKTOBER

**Fjell kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Bjarte Nese, nattverd, offer til Kirkelig dialogsenter Bergen.

**Foldnes kyrkje kl. 11:** Gudsteneste med dåp, søndagsskule, offer til Sjømannskirken.

### SØNDAG 16. OKTOBER

**Landro kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Maria Tveten, dåp og nattverd, offer til eige arbeid.

### SØNDAG 23. OKTOBER

**Fjell kyrkje kl. 11:** Familie-gudsteneste med hausttakkefest og dåp. Innsetting av Per Hjemdal. Offer til eige arbeid.

**Foldnes kyrkje kl. 11:** Familie- og KM-gudsteneste med hausttakkefest ved Maria Tveten, dåp og nattverd, offer til Norges KFUK-KFUM.

**Landro kyrkje kl. 11:** Familie-gudsteneste med hausttakkefest ved Bjarte Nese, dåp, offer til eige arbeid.

### SØNDAG 30. OKTOBER

**Fjell kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Per Hjemdal, dåp og nattverd, søndagsskule, offer til Det Norske Misjonsselskap.

**Foldnes kyrkje kl. 19:** Kveldsgudsteneste ved Maria Tveten, offer til Alpha Norge.

**Landro kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Jan Tommy Fosse, nattverd, offer til Åpne dører.

### SØNDAG 6. NOVEMBER

**Fjell kyrkje kl. 11:** Allehelgens- og minnegudsteneste ved Knut Kaldestad, nattverd, offer til Øygarden KFUK/KFUM.

**Foldnes kyrkje kl. 11:** Allehelgens- og minnegudsteneste ved Maria Tveten, nattverd, offer til Kirkens SOS.

**Landro kyrkje kl. 11:** Allehelgens- og minnegudsteneste ved Bjarte Nese, nattverd, offer til Modum Bad.

### SØNDAG 13. NOVEMBER

**Fjell kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Per Hjemdal, dåp og nattverd, søndagsskule, konfirmantjubileum, offer til Haraldsplass samtalesenter.

**Landro kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Bjarte Nese, dåp og nattverd, søndagsskule, offer til Stefanusalliansen.

### SØNDAG 20. NOVEMBER

**Fjell kyrkje kl. 11:** Gudsteneste med nattverd, offer til eige arbeid.

**Foldnes kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Maria Tveten, dåp og nattverd, søndagsskule, offer til eige arbeid.

**Landro kyrkje kl. 11:** Gudsteneste med nattverd. Søndagsskule.

**Bjørøy bedehus kl. 17.30:** Jubileumsgudsteneste.

### SØNDAG 27. NOVEMBER

**Fjell kyrkje kl. 11:** T3 familie-gudsteneste ved Per Hjemdal, dåp og nattverd, utdeling av bok til 3-åringar, offer til T-dagsarbeidet.

**Foldnes kyrkje kl. 11:** T3 familie-gudsteneste ved Maria Tveten, dåp, utdeling av bok til 3-åringar, offer til NMS Thailand/DNI - Jesu døtre.

**Landro kyrkje kl. 11:** T3 familie-gudsteneste ved Bjarte Nese, dåp, utdeling av bok til 3-åringar, offer til Misjonsprosjektet NMS.

Vi tek atterhald om at endringar kan komme, følg med på nettsidene:

[WWW.KYRKJA.NO/OYGARDEN](http://WWW.KYRKJA.NO/OYGARDEN)







## LIVETS GANG

### 19. mai-31.august

#### DØYPTE

##### Fjell kyrkje

Iris Marie Merillana Fjæreide  
Othelia Lydersen  
Alvilde Fjell Nesse  
Mie Falch Skjeie  
Noah Engum Pedersen  
Leona Grindheim Solberg  
Johannes Hanssen Børnes  
Josefine Helgesen Hufthammer  
Charlie Kolle  
Leonora Nordanger  
Vilde Gjerstad Brask  
Colin Nordvik  
Tristan Pedersen Nordvik  
Mathilde Lokøy Liland  
Oline Gulbrandsrud  
Elias Vindenes Nekkøy  
Michelle Fauskanger Johansen  
Selma Algrøy  
Elise Aasbø  
Elina Turøy Kittelsen  
Alvilde Rennedal Jensen  
Trym Johnsen Østby  
Andreas Mathiassen  
Malvin Bjordal  
Varg Kausland  
Sindre Raknes Skålevik

##### Foldnes kyrkje

Liam Vetle Dressel Wiik  
Olav Snekkevik Knutsen  
Emilie Dyrøy Midtkandal  
Adam Berg Larsen  
Milian Mardal  
Olav Visnes  
Vienna Bratland Polo  
Håvard Knappskog-Bøe  
Jonathan Hetleøen Kalhagen  
Elias-Nikolai Hveding-Fjærtøft  
Martin Obedencio Haugetun-Dagestad  
Brede André Gjøsether

##### Landro kyrkje

Nora Lie Tornøe  
Maia Elisa Francheska Siegue  
Julian-Alexander Lundekvam Skiftesvik  
Tirian-Maximilian Lundekvam Skiftesvik  
Håvard Nordheim Hjelme

Sigrud Helleland Risdal  
Sunniva Helleland Risdal  
Ulrik Strandheim-Vassdal  
Aleksander Bjerga Landro  
Livia Bødtker Atterås  
Ludvig Dyrøy Molland

#### VIGDE

##### Fjell kyrkje

- Anne-Kristine Kausland og Ørjan Helland
- Elise Gjertsen og Robin Alexander Søiland
- Camilla Tveit og Stian Aleksander Tveit
- Elisabeth Lokøy og Knut Olav Liland
- Heidi Solsvik og Yrjan Johan Michalsen
- Martha Malena Langholmen og Daniel Wichstrøm
- Camilla Kolltveit og Jay Archer
- Heidi Bjerck Knappskog og Martin Nordanger
- Sara Melkevik Stokke og Ayman Amin Hammouda
- Kristine Eide og Alf Johan Eliussen
- Linn Cathrine Lokøy og Simon Semshaug
- Victoria Kvamsdal Landro og Eirik Dyrnes

##### Foldnes kyrkje

- Ellen Pamer og John-Erik Farnes
- Kristine Jaabæk og Erik Martinus Fjeldstad
- Therese-Karin Markussen og Preben Franche
- Ingjerd Våge og Vegard Engesæth

##### Landro kyrkje

- Melissa Sævdal og Andreas Heimark

Vår Herre Jesus Kristus seier  
"Eg er oppstoda og livet. Den  
som trur på meg, skal leve om  
han så døyr. Og kvar den som trur  
på meg, skal i all æve ikkje døy."

Joh. 11. 25-26

#### DØDE

##### Fjell kyrkje

Magnus Peder Møvik f. 1927  
Nils Vidar Tellnes f. 1952  
Finn Johan Johannessen f. 1930  
Oddlaug Kristi Haukeland f. 1932  
Britt Ingunn Løland Turøy f. 1948  
Øystein Morland Larsen f. 1959  
Kirsten Sally Sekkingstad f. 1933  
Kari Morlandstø f. 1942  
Nora Johanne Nesse f. 1930  
Magnhild Johanne Knudsen f. 1938  
Alf Trygve Sekkingstad f. 1952  
Rune Normann Algrøy f. 1964  
Laura Marie Fjæreide f. 1926  
Signe Hansen f. 1951  
Gerd Andersland f. 1933  
Olav Johan Husa f. 1936  
Sella Tellnes f. 1935  
Svein Kjeilen f. 1943  
Jakob Bergfjord f. 1936

##### Foldnes kyrkje

Per Roseth f. 1939  
Klara Bergitta Arefjord f. 1929  
Gurine Lydersen f. 1938  
Erling Håkon Arefjord f. 1935  
Bjørn Johan Eliassen f. 1942  
Evelyn Klett f. 1929  
Edvard Johan Dahl f. 1969  
Fritz Steen Ingebrigtsen f. 1936  
Frank Vatne f. 1939  
Alf Lydersen f. 1937  
Kristian Eik f. 1986  
Liv Otterlei f. 1934  
Jannike Hillestad f. 1967

##### Landro kyrkje

Oddvar Bjarne Eide f. 1933  
Per Veiberg f. 1947  
Ove Misje f. 1951  
Magne Arnfinn Ågotnes f. 1938  
Noah Landro f. 2010  
Svein Gunnar Lillebø f. 1958  
Lars Oskar Lie f. 1925  
Irene Thurau f. 1972  
Jens S. Landro f. 1934  
Harald Steffensen f. 1955  
Lilly Korneliussen f. 1924  
Ove Angeltveit f. 1942

# Barne- kryssord



## Vannrett:

1. Årstid
6. Anmodning
8. Øyvind Grimstad
9. Alene
11. 1. pers. eintal
12. Anonym
13. Flygande redskap
14. Avis
15. Fylke i sør
18. Jentenavn

## Loddrett:

1. Avkom
2. Ukedag
3. Ku-lyd
4. Sta
5. Guttenavn
6. Guttenavn
7. Land
10. Marie Olsen
16. Doktor
17. Einar Dørum

**Bli med i trekninga av hamburger med drikke og dessert for 4 personar på Burger King Sartor!**



**Send inn kryssord til:**  
Øygarden kyrkjekontor  
Tytebærbrekko 2  
5353 Straume  
Merk konvolutten: Kryssord  
Frist: 8. november

**Vinnar av Barnekryssord i nr. 3 – 2022:**  
Isak Hope  
frå Brattholmen

Namn.....

Adresse.....

.....

**Returadresse:**  
Øygarden kyrkjekontor  
Tytebærbrekko 2  
5353 Straume



**Dåp**

## Ein god start på livet

Vi inviterer til dåp! Gjennom dåpen blir vi ein del av kyrkja, eit fellesskap som strekkjer seg over heile verda. Dåp skjer vanlegvis i ei vanleg søndagsgudsteneste, eller i ei eiga dåpsgudsteneste.

For informasjon og påmelding til dåp og dåpskurs gå inn på [kyrkja.no/oygarden/dap](http://kyrkja.no/oygarden/dap)

KONSERT MED

*Ole Amund Gjersvik* på kontrabass  
og *Tore Hegdahl* på piano

Landro kyrkje

**Onsdag 21. september**

kl. 19.30



Jazz-ballader,  
salmer og  
kjærlighets-  
sanger

**Billetter kr. 150**

Barn under 12 gratis

Forhåndssalg på TicketCo  
og salg ved døren



**DEN NORSKE KYRKJA**  
Landro sokn